

Norsk Etnologisk Gransking.

Emnenr. 24

Emne: Måltider og mat.

Fylke: Telemark.

Herad: Nissedal.

Bygdelag: Kyrkjebygda.

Gard: Grimstvedt.

gardsnr. 12. Br.nr.1.

Delvis etter eiga röynsle.

Etter far, Jörgen Grimstvedt, Nissedal. f.1872.

Bonde og herads- og bankkasserar.

S V A R .

1. Morgon, dögur, middag med kaffi, ökt og kveld. Det var likt sumar og vinter.
3. Nei.
4. Nei.
5. Middag er viktigaste måltidet.
6. Middag, -og så varm graut til dögur og kvelds.
7. Det var ekstra suppeemat til søndag middag.
8. Nei.
9. Kjøtt eller flesk kvar dag.
10. Det vert nytta flatbröd til middag, eller og litt vanlig bröd.
11. Morgon: Smör, ost, sukker, prim, flatbröd og vanlæg bröd. Kaffe og (mjölk).
- Dögur: Graut koka av vatn og byggmjöl, eller mjölk. Sur mjölk inntil. Smörauga.
- Middag: Potet, kjøtt eller flesk. Mjölsaas. Flatbröd. Sume tider turrfisk eller salt sild. Kaffe etter 1-2 timars kvild.
- Ökt: Om lag som morgonmaten.
- Kveld: Om lag som til dögur.
- Liten skilnad til dei ymse årstider.
12. Skilnaden er helst ved at grauten er gjenge ut for ein stor del. Det er kome til litt meir grönsaker og hermetisera kjøtt av eigen produksjon. Det er og nytta meir syltetöy. Det er og auke i sött bakverk. Egg er vorte meir dagleg kosttilskot.
13. Romegraut, risengrynsgraut, smörgraut, gomme og klinge (lefse)
14. Det må vere spesielle fiskeretter.
15. Det er ikkje att noko av det ein kunne kalle krisemat. Men kosthaldet er mykje betre enn i 30-åra. Ein nyttar litt nyper og brukar ein del urtete, men ikkje så det kan reknast som ålment.